

Modalen kommune  
v/ordfører Kjetil Eikefet

Deres ref.:  
Vår ref.: 12975421

Dato: 20.09.2022

### **Levering av konsesjonskraft frå Matre Haugsdal kraftverk**

Eviny har i dag ein tidsavgrensa avtale med kommunane som får levert konsesjonskraft frå Matre Haugsdal kraftverk. Avtalen gir kommunane ein tidsavgrensa rett til å få levert konsesjonskrafta frå Matre Haugsdal på spesielle vilkår, som er avtalt til den prisen Olje- og energidepartementet fastset årleg (OED-pris). Den femårige tidsavgrensa avtalen opphøyrer 31. desember 2022, og den særlege ordninga for konsesjonskraft levert frå Matre Haugsdal vil ikkje bli forlenga utover 31. desember 2022.

Frå 1. januar 2023 vil levering av konsesjonskraft frå Matre Haugsdal kraftverk gå tilbake til den ordinære ordninga for kraftverk med konsesjonar gitt før 10. april 1959, i samsvar med myndigheitene sine retningslinjer for levering av konsesjonskraft. For konsesjonar gitt før 10. april 1959 er retningslinjene at konsesjonskraft skal leverast til sjølvkostpris. For konsesjonar gitt etter denne datoen er det OED-prisen som skal leggjast til grunn. Konsesjonen til Matre Haugsdal kraftverk er frå 1953 og kjem dermed inn under ordninga for levering av konsesjonskraft til sjølvkostpris.

Ved sjølvkost blir prisen for levert konsesjonskraft rekna med basis i produksjonskostnaden til ei kvar tid, inklusiv 6 prosent rente av anleggskapitalen, med eit tillegg på 20 prosent forteneste for det aktuelle året.

Når den tidsavgrensa avtalen opphøyrer, vil konsesjonskrafta frå Matre Haugsdal bli levert til sjølvkostpris med verknad frå 1. januar 2023. Vårt forslag er å ordna dette gjennom ein kort tilleggsavtale til den gjeldande avtalen for dei andre kraftverka kommunane får konsesjonskraft frå, slik at også Matre Haugsdal kraftverk vert omfatta av denne løpande avtalen. Vedlagt følgjer eit utkast til tilleggsavtale. Vi vil sende avtalen til elektronisk signering i løpet av ei veka tid.

Dersom det er spørsmål til saka, kan dei rettast til Ellen M. Andreassen,  
ellen.andreassen@eviny.no.

Venleg helsing  
Eviny Fornybar AS

Olav Osvoll

# Electronic signature

Signed by

**Osvoll, Olav**



Date and time (UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

22.09.2022 08.03.27

Signature method

Norwegian BankID

---

This document is signed electronically.

The electronic signature is legally binding. This page is added to provide basic information about the electronic signature(s), and the signed document can be read on the following page(s). Attached is also a PDF with more detailed information about the electronic signature(s), and also an XML file with the contents of the signature(s). The attachments can be used to verify the electronic signature(s) if needed.